

# «Medaljens bakside»

Informasjonsmøte om vind-  
industriens negative sider.

Gamleskulen, Uskedalen.  
Måndag 2.november kl 20.

Plakaten syner at det vert møte om vindkraft i Gamleskulen, måndag kl. 20.00.

**Representantar frå Aksjonsgruppa til Nei til vindmøller i Kvinnherad kjem til Gamleskulen i Uskedalen, måndag 2. november kl 20. Målet er å informera om vindindustrien og «medaljens» bakside til grunneigarar, naboar og andre intresserte.**

**I Kvinnherad er heile 19 område peika ut som godt eigna for vindkraftutbygging. NVE har laga eit kart over områda. Kartet er vanskeleg å tyda i detalj. Det går likevel klart fram at fjella i Uskedalen er peika ut som gode eigna områder for vindkraft. Det er Solfjell, Mannsvatn, Mannen og Ulvanoso.**

I Husnesfjella er det: Mjelkhaug, Nordfjell, Svaneheia, Breimstølen m.fl. I Blådalen og Fjellhaugenområdet er det Ingahogg, Reikatindane, Sandvasshorga, Kvanndalsnuten og fjellområda over Baugstand. I tillegg kjem lokalitetar på Halsnøy og Fjelberg.

Aksjonsgruppa har aksjonert, og informert på ulik vis. Sommaren og hausten 2019 gjekk med til å informera om regjeringa sitt framlegg til Samla plan, (Nasjonal ramme for vindkraft på land) og å få folk og verksemder til å skriva høyringsvar til NVE. Det vart sendt rekordmange høyringsvar frå Kvinnherad, har me fått vita.

Hausten og vinteren 2020 er og vil bli prega av informasjonsarbeid til grunneigarlag, bygdelag og organisasjonar. Dette fordi det meir og meir vert kjent kva ulemper vindkraftindustrien fører med seg, og kva negative fylgjer det kan få for grunneigarar, naboar og lokalmiljø, både økonomisk og på andre måtar.

No er turen komen til Uskedalen og me vonar på godt frammøte.



Hauglandsfjellet, Solfjell og område ved Mannsvatn er av NVE utpeika som ein godt eigna lokalitet for vindkraft.

Tekst: Pressemelding  
Foto/nett: Kristian Bringedal